

SIGNALER

Medlemsblad for Rolf Jacobsens Venner | **1·2017**

KNUT ØDEGÅRD

Katolske signal i
Rolf Jacobsens lyrikk

Side 6

Nachtoffen

Side 16



**ROLF
JACOBSENS
VENNER**



ROLF JACOBSENS VENNER

Skappels gate 2
2317 Hamar

rolf-jacobsen.no

Styret:

Gunnar Brox Haugen (leder)
Hanne Lillebo (nestleder)
Jan Erik Haug (kasserer)
Tore Stenersen (sekretær)
Anne Lillevold Jacobsen (styremedlem)
Cecilie Werner Erichsen (varamedlem)
Maria Hjaltadottir (varamedlem)

SIGNALER

Redaksjonen:

Hanne Lillebo
Gunnar Brox Haugen
Tore Stenersen

Design: Tweed
Trykk: Allkopi
Opplag: 300

Redaksjonen takker de som har bidratt til dette nummeret av *Signaler*.

Stoff til neste nummer må være sendt redaksjonen innen 5. september:
post@rolf-jacobsen.no

INNHOLD

- 3** Lederen har ordet
- 4** Mitt Rolf Jacobsen-dikt:
Bjørn Gudbjørgsrud velger
«Tanker ved Ånestadkrysset»
- 6** Knut Ødegård: Katolske signal i Rolf Jacobsens lyrikk
- 16** *Nachtoffen*
- 18** Rolf Jacobsen minutt for minutt
- 20** Vellykket bursdagsfeiring
- 21** Bakgårdsfest med Nils A. Røhne
- 22** Salg av bøker og plakat

Følg Rolf Jacobsens Venner på [facebook!](#)

Logoen til Rolf Jacobsens Venner er basert på Tom Gundersens tresnitt fra 1994.

LEDEREN HAR ORDET

Det er gått 20 år siden Rolf Jacobsens Venner ble stiftet. I det aller første medlemsbladet venneforeningen utga, står det å lese om stiftelsesmøtet:

«Et interimstyre hadde et års tid forberedt stiftelse av foreningen Rolf Jacobsens Venner. De var kommet så langt at de kunne legge fram forslag til vedtekter for en venneforening. [...] Stiftelsesmøtet i Rolf Jacobsens Venner fant sted den 14. januar 1997 i Hamar biblioteks lokaler. 23 personer var til stede. Her gjennomgikk man interimstyrets virksomhet for 1995 og 1996. Både møteaktiviteten og økonomisk grunnlag som var lagt vitnet om seriøst engasjement og ble behørig berømmet. Forslag til vedtekter ble gjennomgått, og med enkelte endringer vedtatt. Anne Marie Ekern bidro med kunstnerisk innslag.» Kolbjørn Brekstad ble valgt til foreningens leder. Det ble vedtatt at foreningens formål er «å styrke interessen for Rolf Jacobsens forfatterskap», samtidig ble det også utpekt to satsingsområder: leiligheten i Skappels gate 2 og dikterens hjem (langsiktig), og kulturelle arrangementer og medlemsblad (kortsiktig).

I tråd med vedtekten har venneforeningen i årene som er gått siden stiftelsen, arrangert seminarer, byvandringer og ulike kulturprogram for å profilere Rolf Jacobsens diktning. I mars 2007, i forbindelse med 100-årsmarkeringen av Rolf Jacobsens fødsel, ble den nordiske poesifestivalen Rolf Jacobsen-dagene arrangert for første gang. I 2017 feirer vi derfor også at Rolf Jacobsen-dagene er 10 år. Som dere forstår, har venneforeningen vært aktive bidragsyttere og formidlere av et mangfold av poesiopplevelser i 20 år. Vi har derfor mye å feire i år! Og 8. mars feiret vi dessuten Rolf Jacobsens 110-årsdag.

Knut Ødegård kloke foredrag om Rolf Jacobsen fikk mye oppmerksomhet under åpningen av årets festival. Mange har uttrykt at dette var noe av det mest innsiktsfulle de hadde hørt om Jacobsen og hans poesi. Noe av forklaringen kan ligge i at Ødegård kjente både Rolf og Petra godt. Vi er svært takknemlige for at Knut Ødegård vil dele dette foredraget med oss også i skriftlig form og slik gjøre det tilgjengelig for flere enn de som var til stede i Hamar Teater 9. mars.

Tittelen *Nattåpent* fra Rolf Jacobsens siste diktsamling er også blitt tittelen på en tysk utgivelse av Rolf Jacobsens dikt: *Nachtoffen*. Utgivelsen er en stor begivenhet, og bekrefter at diktene lever og leses på mange språk.

Statusoppdatering om Skappels gate 2 og Rolf Jacobsen-senteret er blitt en gjenganger i *Signaler*, og siste nytt er at vi venter på en statlig avgjørelse om hvor den nye jernbanetraseen gjennom Hamar skal gå. Innen dette skjer er Rolf Jacobsen-senteret satt på et sidespor. Vi venter utålmodig på å komme videre i arbeidet med å utvikle eiendommen til et Rolf Jacobsen-senter. Der skal jernbanedikteren fremfor noen i Norge, minne oss og nye generasjoner om diktene «Jernbaneland», «Fjern tog», «Vi som bor ved jernbanen» og andre dikt fra dette rikholtige forfatterskapet. Dere vil bli holdt orientert om sakens utvikling.

Vi inviterer til bakgårdsfest hos Tante Gerda på Hamar med Stanges ordfører Nils A. Røhne lørdag 19. august. I mellomtiden kan dere blant annet lese diktet som Hamars rådmann, Bjørn Gudbjørgsrud, har valgt til dette nummeret av *Signaler*, «Tanker ved Ånestadkrysset».

En riktig god sommer ønskes dere alle!

GUNNAR BROX HAUGEN



Vil du vite mer om Rolf Jacobsen og hans diktning?

Rolf Jacobsens Venner kan tilby kåserier, foredrag og forelesninger for store og små grupper i lag, foreninger, bedrifter og skoleverk.

Ta kontakt for nærmere avtale:

post@rolf-jacobsen.no

eller

Gunnar Brox Haugen, telefon 958 87 695.

Om medlemskap

Medlemskap i Rolf Jacobsens Venner koster kr 250 per år. Som medlem får du tilsendt medlemsbladet *Signaler* 1–2 ganger i året, og du kan bl.a. kjøpe billetter til Nordisk poesifestival | Rolf Jacobsendagene til redusert pris. Se nettsidene våre for mer informasjon om foreningen og medlemsfordeler.

Send e-post til post@rolf-jacobsen.no eller betal til bankkto.nr. 1800 15 43497. Husk å oppgi navn og adresse.

Utfordringen om å velge et dikt av Rolf Jacobsen, gikk denne gang til rådmann i Hamar kommune, Bjørn Gudbjørgsrud.

**Flere diktvalg kan leses på venneforeningens nettsider:
rolf-jacobsen.no**

Bjørn Gudbjørgsrud velger dikt

Jeg er oppvokst i Elverum med jordklodens grønne skjerf rundt halsen, og jobber på Hamar – der hvor Norge smiler, så det å gjøre seg noen tanker ved Ånestadkrysset faller veldig naturlig for meg. Rolf Jacobsen gjør det på en fantastisk måte i denne hyllest til Innlandet og til Hamar.

Diktet beskriver naturen og de skiftende årstidene på en fabelaktig måte. Dessverre så har vi de siste årene opplevd stadig oftere at de markante skiftene mellom årstidene blir mer avsløpne. De er ikke like tydelige som Jacobsen beskrev dem i 1985. Slik sett blir vi minnet på klimaendringene, og behovet for et grønt skifte som vi har satt oss fore å skape også her lokalt på Hamar. Men det store lyset rundt innlandshavet ser vi fortsatt ofte – vakrere enn til og med et Rolf Jacobsen-dikt kan beskrive det.

Befolkningsveksten i Hamar var rekordhøy i fjor. Litt skyldes det store investeringer i vei og bane, men like mye framoverlent byutvikling og spektakulær plassering. Vi har grunn til å være takknemlige for byens plassering i solhellinga ned mot innlandshavet. Garantert manetfritt.

Tanker ved Ånestadkrysset

Skogguden Pan, han med floypespillet i trærne,
finner vi ham på Hedemarken? Tror ikke det.
Prøv lenger øst.

Bortafor Ånestadkrysset, der langskogene tar til.
Gjennom Elverum og Trysil helt til Botniska viken
kan du høre sangen i trekronene, lyden
med eventyr i.

For ved Ånestadkrysset i Løten begynner taigaen.
(Visste du det?) Det euro-asiatiske barskog-beltet,
jordklodens grønne skjerf rundt halsen.
Som ikke ender før i Stillehavets bølger,
ved Vladivostok.

Tenk over det, neste gang du ser elgskiltene,
at nå er det treskygge, skogsfugl og maur halve
jordkloden rundt. Pans rike. Vårsøget i trekronene.
Lengselsfullt, ofte hissende. Det drar i deg.

Men her ved Mjøsa, i lyset fra innlandsfjorden
har vi en annen trollmann. Fargenes Maestro.
Han med paletten og tubene. Og nå ved påsketider, når
dette skrives, står han klar til å klemme dem ut.
For vår og sommer. For det store fargeskiftet
over bygd og bakker.

Etter snehvit bruker han grått og svart. Så lysegrønt
og slag i slag: Mørkegrønt og gult og gyllen silke.
Ingensteder i landet ses det så mektig som her, rundt
innlandshavet med det store lyset.

Så vi trives her. Selv uten Pan. Men det er ikke langt
til Ånestadkrysset heller. Fra farger til musikk.
Fra penselsstrøk til floypespill i baret.
Men pass deg for elg.

(Første gang publisert i Arve Stensrud (red.):
Hedmark forteller, 1985)

Katolske signal i Rolf Jacobsens lyrikk

Før Rolf Jacobsen putta den nye diktsamlinga si *Tenk på noe annet* i konvolutten med namnet mitt på, kom han på at han måtte skriva noko meir enn berre den venlege dedikasjonen.

Han skreiv på ein lapp som han la inn i boka til meg: «At FIOLETT står for kirkefargen ADVENT dvs. Forventning – er det ennå ingen kritikus som har oppdaget.»

Tenk på noe annet kom i 1979. Rolf Jacobsen var då 72 år. Han stod no i den siste fasen av si livsgjerning.

Dette er den aldrande diktaren, ikkje utan skrammar og sår frå eit liv både som lovprisa modernist og som forhatt NS-redaktør under krigen og utfrosen i det gode litterære selskap i mange år etterpå – eit feilsteig som kosta han svært mykje. Eg vil tru det kosta han både Nordisk råds litteraturpris og han kunne etter mi meinung like godt ha fått Nobelpisen som t.d. Seamus Heaney og Tomas Tranströmer. Alle som fylgde med i internasjonal lyrikk i Europa, visste at han høyrd heime der.

Modernisme og katolisisme

For den som ikkje kjende Rolf Jacobsens liv, og som las han først og fremst som modernist, var det lett å oversjå slike katolske signal som dette han skreiv om på lappen til meg – med kapittelinndeling etter farge, og korleis farge har ei liturgisk meinung i kyrkjeartet og i ulike messesamanhangar. For mange som likar å laga inndelingar i periodar og gruppera forfattarar i båsar, byrjar norsk poetisk modernisme med Rolf Jacobsen.

Eg har problem både med modernisme som omgrep og med slik båslegging.

Modernismen kan romma så mangt, og det var vitterleg poetar som skreiv i frie former før Rolf debuterte i 1933, t.d. Obstfelder, Uppdal og den dverre nesten gløymde Åsmund Sveen. Han var heller ikkje den første som skreiv om maskinane og den nye teknikken, t.d. var Halstein Sjølie – no totalt gløymt poet – ute året før Rolf med den moderne maskinparken.

Raset og *Nattåpent*

Rolf såg sjølv på *Tenk på noe annet* som si siste diktsamling. Det sa han i allfall til meg, fleire gonger, men at han framleis skreiv litt no og då, lokalhistorie t.d. og så nokre vers. Men så skjedde dette raset i hans liv med Petra som døydde i 1983 og sorgreaksjonen som førde til den mest lesne av alle hans diktsamlingar, *Nattåpent*. Eg har teke vare på eit telegram frå Rolf til Island, der eg då hadde slått meg ned. Det står: «Petra død. Kom.» Eg tok sjølvsagt første fly over havet og toget til Hamar, var med og bar kista, og natta etter gravferda sov eg der hos Rolf i Skappels gate.

Så kom *Nattåpent* i 1985, dikt om den store kjærleiken, og ikkje minst: den store sorga då Petra vart borte.

Eg må her skyta inn før eg går lenger: Det eg no har byrja på, er ikkje ei forelesing, men ein tale frå ein som stod Rolf Jacobsen nært privat. Han og Petra var mine ekstraforeldre som eg budde hos i vanskelege tider. Vi kunne snakka også om dei betente sakene frå okkupasjonsåra og om det som er dagens tema: kristendomen, og meir bestemt katolismen.

Med dette sagt, går eg vidare etter mi line – og med god hjelp frå Hanne Lillebos fine

biografi *Ord må en omvei* – og der eg legg hovudvekt på det historiske og biografiske.

Sosialt uklårt

Det sosialt uklåre miljøet han vokste opp i, vart nok med på å konstituera sider ved den vaksne Rolf Jacobsen: Han var bedreborgar i den forstand at han hadde ein far med akademisk utdanning og stilling som skoletannlege, men faren var sosialt därleg tilpassa og med ein aparte figur, det var i årevis elendig økonomi og eit opprivande ekteskap mellom foreldra – som ende med at dei skilde lag etter 25 år. Rolf og broren var blant dei få som fekk gå på gymnas og ta artium den gongen, noko som var forbeholdt den smale overklassen der han ikkje heilt passa inn. Han var sosialt uklårt, og usikker.

Rolf tok artium på latinlinja på Fagerborg gymnas i 1926. Det er noko dobbelt over den unge mannen, han er samstundes sky og kreativ – han utmerkar seg både med ord og bilette, men med svært liten sosial kontaktflate samstundes som han viser utprega organisasjonsmessige evner. I oversynsartiklar er det ofte nemnt at den unge Rolf Jacobsen var sosialist og motdagist før krigen, ein ser gjerne bort frå hans kristne engasjement og studietid, og ein ser bort frå hans første kjende skrifer og ikkje minst diktdebuten i bokform.

... bud fra Gud

Då er vi i 1928 og den 21 år gamle Rolf Jacobsen er forfattar av opningsdiktet i boka *Lyngblomster*. «Juletanker» heiter diktet. *Lyngblomster* var ei årbok som Lærernes Vennekrets i Oslo, ei avdeling av Norges Kristelige Lærerforbund, gav ut.

Noko stort dikt er det ikkje, men det interessante for vårt tema er at det formidlar ein tydeleg – overtydeleg, kan ein nok seia – kristen bodskap om at «julens klokker / har bud fra Gud til dig!».

På gymnaset vart han ven med klassekameraten Finn Thorn. Dei drog på fjellturar saman, og då gymnastida var over, skreiv dei seg begge inn som studentar ved det teologiske fakultetet. På den tida kalla Rolf seg *stud.theol.* Rolf Jacobsen.

I dei fleste oversyn over Rolf Jacobsens liv, er det nemnt at han før krigen var knytta til Clarté og Mot Dag, og til det då ganske radikale arbeidarpartiet. At han faktisk i fleire år hadde åndeleg heimstad i kristne miljø og skreiv nesten apologetiske tekstar, vert underkommunisert.

Thorn og Undset

Den same ven, klassekamerat og sidan medstudent ved det teologiske fakultet, Finn Thorn, vart elles den første norske dominikanarpater etter reformasjonen. Dét var oppsiktsvekkjande nok, men om vi tek med i dette biletet at tidleg på 1930-talet fanst det berre kring 2 600 katolikkar i heile Noreg, vert brotet med det kompakte lutherske religionsvesen endå meir dramatisk.

Den store katolske dramatikken i norsk litteraturhistorie hadde Sigrid Undset stått for nokre år tidlegare. Ho som hadde skrive nærgåande romanar om kvinneleg seksualitet og som fekk Nobelpisen i 1928 for sine historiske romanar frå norsk mellomalder, hadde sjokkert det ganske så kristenfendtlege intellektuelle Noreg ved å konvertera til den romersk-katolske kyrkja i 1924, fire år før ho fekk den gjeveste av litteraturprisar. Og berre nokre månader før ho drog til Stockholm for å ta mot prisn, avla ho sine evige lovnader som såkalt tertiarer, legdominikanar, med namnet syster Olave.

Dette var eit miljø som Rolf stod ganske nær, ikkje minst gjennom venskapen med den seinare pater Thorn og deira felles val av teologien der student Finn Thorn gav til kjenne sin dragnad mot katolismen. Det må leggjast til at ingen av dei vara lenger enn eit par år ved det teologiske fakultet. Thorn konverterte i 1928, same år som Undset fekk sin nobelpis. Både Jacobsen og Thorn hoppa over på filologistudium. Men Thorn drog i 1931 til Frankrike for å påbyrja eit katolsk prestestudium – medan Rolf vart meir og meir forfattarspire og mindre og mindre student.

Debuten

Så brakdebuterte han med *Jord og jern* i 1933 og dermed var løpet lagt: Han skulle ikkje bli

akademikar, men skribent. Og det er med litt av ein fanfare han opnar debutboka:

Himlen har stillet sin harpe på skrå mot jorden og rører de tusen strenger med døvende vellyd, løfter de store klemt over skog og sletter med lekende hender.

Sigurd Hoel meiner i si konsulenttilråding at dikta representerer «en ny primitivisme» og peiker på at «det er to slags landskaper forfatteren søker, og som fylder ham med en landskapsfølelse av jevntyrdig intensitet: det øde, ville fjell, selve urtidslandskapet – og storbyen, industrihelvedet, det nye urtidslandskap, formet av menneskehænder. Og – det er det morsomste og interessanteste – det er i grunden den samme sensation han søker begge steder: Det heftig fornemmende men kjølig bevisste nutidsmenneskets sansreaktioner overfor det vældige i natur og teknikk». Hoel plussar på med ord som «litenhetsfølelsen, ensomhets- og forlattfølelsen».

Rolf er tydeleg sjenert i møte med media, men i eit intervju med Arbeiderbladet seier han – og det er interessant nok – at han har lært av Den eldre Edda og at det ikkje er kontrastane han set opp i relief, men derimot likskapane mellom natur og teknikk.

Arbeidardikt eller uttala politiske standpunkt finn ein ikkje i diktsamlinga. Eg trur Finn Halvorsen i sin kritikk kjem tettast innpå då han skreiv at Rolf Jacobsen er «først og fremst maleren».

Clarté og Mot Dag

I tida kring og etter debuten har han ein del omgang med personar knytte til Clarté og Mot Dag-rørsla. Det virkar som om han er vinglete om kvar han høyret heime, han er liksom ikkje heilt til stades nokon stad, men det venstreradikale miljøet blir meir og meir ein tilfluktstad etter at hans mangeårige veninne Elisabeth Wiborg slår opp trulovinga. Etter mykje nöling blir han innmeldt i 1934, men møter etter det omrent ikkje opp på møta.

Han legg òg ut på eit par reiser, først rundt i Norden, sidan til Berlin – derfrå rapporterer den framleis innskrivne motdagisten at han har fått sjå Hitler.

Medan *Jord og jern* kunne lesast som tilknytta den vitalistiske delen av modernismen, er neste diktsamling, *Vrimmel*, som kom to år etter, i 1935, tydelegare utviklingspessimistisk, og her finst det ganske kläre sosialistiske tonar frå ei tid då fascismen trugar Europa. I diktet «Virkelighet» les vi om

Øinene på ham som ber.
Hendene på ham som fryser.
Trampet fra alle de masser som driver
sultne omkring i storbyene
er virkelighet.

Og:

Maskingeværene.
Blod-engene og sålen. Skriket da du
en aften våkner til smertene.
Lasarettenes sne.
Massegrevene,
er virkelighet.

Her er det òg tydelege nedslag av lesefrukter frå sosialistiske samtidssiktarar som Harry Martinson og Rudolf Nilsen. Det må seiast at dei dikta, der han også imiterer arbeidaryrkkens formspråk med sine rim og rytmeskjema, er blant dei svakaste i Rolf Jacobsens produksjon.

I ein parentes sagt: Det er interessant at i allfall i norsk poesi er dei revolusjonære poetane, ja Nilsen, Øverland, Grieg, ganske så reaksjonære i poetisk formskaping. To av våre mest markante modernistar på 30-talet får landssvikdomar etter krigen, Åsmund Sveen og Rolf Jacobsen. Og Øverland tenner jo etter krigen den såkalla tungetaledebatten – mot modernismen.

Sosialistisk engasjement

I åra fram mot verdskrigen publiserer Rolf Jacobsen mange dikt i avisar med ein klår sosialistisk og humanistisk profil. Som eg nemnde viste han tidleg eit stort organisatorisk talent trass i sin sosiale blygskap på det private området. Og i

1937 finn vi han som formann for Flisa arbeidarungdomslag. Han står bak opprettning og drift av radikale amatørteaterlag i distriktet, der dei brukar tekstar av Øverland, Brecht, Rudolf Nilsen og Rolf sjølv. Tryggve Bratteli, den gong sentralstyremedlem i AUF og redaktør for Arbeiderungdommen, kom syklande for å fylgja opp arbeidet der Rolf stod i leiinga. Førti år seinare, med ein verdskrig mellom, skulle vegane deira kryssast att – i Budapest, og då var eg til stades.

Rolf avanserer i arbeidarpartiet, han kjem inn i herredsstyret, vert medlem av formannskapet, formann i kinostyret m.m. Og i 1937 vert han tilsett som journalist i Kongsvinger Arbeiderblad.

Men den tredje diktsamlinga, som han hadde lova direktør Grieg i Gyldendal alt i 1936 og teke forsøkt for, let venta på seg. Heile seksten år tok det før han kom med nye dikt.

Petra

På denne tida då han arbeidde som journalist på Flisa-kontoret for Kongsvinger Arbeiderblad, møtte han Petra Tendo. Det vart eit par av dei, som heldt livet ut. – Petra var nok det faste punktet som Rolf kunne halda

seg i også i dei mest nedverdigande tider med landssvikdom, fengsel og fordøming.

Ho dreiv systove, var ikkje med i politikken. Derimot var ho aktiv i bygdeungdomslaget med folkevisedans og norskdomsrørsle. Ho var dotter av eit skreddar- og småbrukarpar som åtte 28 mål dyrkjord og tre kyr. Ho vart aldri godtekken av Rolfs mor, som mente at sonen gifta seg under sin stand. Men Petra vart som Petrus – klippa.

Rolfs tilslutting til Nasjonal Samling er eit stort og betent spørsmål: Korleis kunne det skje?

Ved juletider 1938 publiserte han på framsida av Kongsvinger Arbeiderblad det sterkt politiske diktet «Mr. Chamberlain's juletre» som byrjar slik:

Et barn er skutt i Bethlehem
av en engelsk soldat igår.
Ja, gledelig jul, mr. Chamberlain,
og takk for det gamle år!
Med maskingevær i Getsemane
og krigsskip i Haifa's havn
går England inn til den hellige jul
og ærer sin Frelsers navn.



Det er eit dikt med ein øverlandsk politisk patos mot Storbritannias politikk andsynes jödar som freista koma seg inn til Palestina og der britane skaut på innvandrarane – etter press frå dei arabiske oljeprodusentane. Diktet er illustrert med ein grell karikatur av eit juletre med Chamberlain i staden for julestjerna på toppen av treet. Rolf Jacobsen agiterte for jödane både mot Chamberlains Storbritannia, Hitlers Tyskland og Francos og Mussolinis fascism. «Og nu kan du tende ditt juletre», skriv han,

– for juletre har du vel fått? –

og lese om jöden fra Nasareth
og om Judas Iskariot.

Nasjonal Samling

Den same Rolf Jacobsen melder seg to år etter inn i Nasjonal Samling. Så betent var dette faktum at han i årevis nekta for det. Det er framleis mykje uklårt i denne delen av hans biografi, men dei faktiske forholda kring medlemskapet kjem ein ikkje utanom. Hans eigen versjon var lenge at han aldri hadde vore medlem, men vart oppmoda av Det norske Arbeiderparti til å leida ei arbeidaravis gjennom okkupasjonstida. Då låg det i korta at ein redaktør som framleis skulle ha ei avis å redigera, måtte syna ei viss samarbeidsvilje med NS-regimet.

Men Rolf melde seg inn før han vart tilsett som sjefredaktør for Kongsvinger Arbeiderblad: Det skjer den 16. oktober 1940. Den 6. januar 1941 vert han sjefredaktør for avis. Han heldt medlemskapen hemmeleg for dei andre i redaksjonen.

Eg veit framleis ikkje kva som eigentleg gjekk føre seg mellom arbeidspartiet og Rolf Jacobsen. Eg nemnde Rolfs kontakt med Bratteli før krigen. Som vi veit hamna Bratteli i tysk konsentrationsleir, medan Rolf redigerte si avis og var NS-medlem okkupasjonstida ut. Vi har berre Rolfs eigne ord for at han vart oppmoda til å halda avisā gāande. Om det var slik Rolf ville ha det til, må Bratteli og andre aktørar i arbeidspartiet ha skjøna at det hadde sine personlege omkostnader. Arbeiderpartiet var jo ingen söndagsskule.

Eg vart minna om dette uklåre forholdet då eg i 1978 vart beden til Ungarn saman med Rolf og Petra. På same tid som vi var der, og Rolfs dikt kom ut i ungarsk gjendikting, var representantar for Det norske Arbeiderparti også i Budapest, blant dei Trygve Bratteli – og vi vart bedne i selskap hjå ambassadøren saman med dei. Rolf fekk så alvorlege ryggproblem at han ikkje kunne møta fram, men Petra og eg gjekk. Der opplevde vi ein underleg rørt Trygve Bratteli som sende sine varmaste helsingar til Rolf. Det var noko i augo til Bratteli som sa mykje, eg tolka det som at det også var därleg samvit.

Søvngjengaraktig

Men det er noko søvngjengaraktig over Rolf Jacobsens underlege overgangar: først frå kristeleg skribent og stud.theol. til Mot Dag-medlem, og så frå lokal arbeidarpartileiar til medlem av Nasjonal Samling.

Han er liksom ikkje heilt med, han er ikkje dér, det er som om han er ein annan stad heile tida – og er det kanskje den sosialt usikre Rolf Jacobsen som sikrar seg slik? Han møtte jo ikkje fram i Mot Dag etter at han liksom tilfeldig vart innmeldt, og han sa ikkje frå til sitt nærmiljø eller sine arbeidskameratar då han melde seg inn i NS. Begge delar vart liksom straks gløymt, som om det ikkje hadde skjedd. Og eg ser ikkje bort frå at når Rolf hevda at han aldri hadde vore medlem av NS, så var det psykiske fortrengingsmekanismar som raderte dette faktum vekk frå hans eige minne. Eg veit ikkje, det er ei gåte.

Litt raskt vidare med fakta: Petra vert medlem av NS i juni 1941. Eldstesonen Trond vert fødd 11. juli 1942. Yngstesonen Bjørn den 12. januar 1945. Rolfs bror, Anton, er med i motstandsrørla. Han vart sendt til konsentrasjonsleir i Tyskland der han døy. Kongsvinger Arbeiderblad endrar i 1943 namn til Glåmdalen. Ho vert – med unntak frå pålagt prenting av telegramstoff og innhaldet i nokre leiarartiklar – redigert om lag som ei vanleg lokalavis. Rolf er, så vidt eg kan sjå, ikkje aktiv som poet i okkupasjonstida bortsett frå eit par «leilighetsdikt» i avisā, men poesien trur han nok på – det ser vi m.a. av at heile 20

dikt av skogsarbeidaren Hans Børli kom på trykk i avisā i Rolfs redaktørtid.

Moderkirkenes lære

9. mai 1945 vert han arrestert og sit fengsla på Kongsvinger festning til han 5. august 1946 får saka si for retten. Domen er på tre og eit halvt års tvangsarbeid og ti års tap av borgarlege rettar. Den 21. september vert han sendt til Sandbakken fangeleir i Elverum for soning saman med m.a. musikaren Egil Storbekken.

Det ser ut til at det er på denne tida han byrjar skriva att.

Han skriv dagbøker og «Strøtanker», som han kalla dei, om religion og andre eksistensielle spørsmål. Det er interessant at der identifiserer han seg med Paulus, farisearen og kristenforfylgiaen som vart råka av eit veldig syn på vegen til Damaskus der han skulle驱ra forfylgjingar. Han vart blinda av lyset, men fekk synet attende då han nådde Damaskus og fekk Den heilage Anden. Etter dette vert han den fremste misjonær, og kanskje kan vi rekna han for den første kristne teolog. I alle fall: Det ser ut som om Rolf finn seg sjølv gjennom Paulus, og vert tvungen til å stilla spørsmål om kvifor han er hamna der han er. Av dagbøkene går det fram at han er ein praktiserande kristen med dagleg bønehald. Og han skriv at «verdens krisje skyldes at Gud er borte» og at dei politiske rørslene han var med i, berre var «surrogater for den kristne tro».

Han er no overtydd om at han endeleg har funne det ekte, i motsetnad til surrogata, i kyrkja – og med kyrkja meiner han den katolske kyrkja.

I hans augo var no det han kallar «Olavs kirke» redninga for menneska i denne vanskelege tida, den verdsomspennande katolske kyrkja.

Jula 1946 skriv han frå fangeleiren i eit brev til Petra:

Hvor meget rikere og skjønnere er ikke Moderkirkenes lære om disse ting, enn den bleke og visne protestantiske. Tenk på Mariafortellingen, og på Kirkens lære om den nye menneskeslekt, Guds barn

på jorden, under Kirkens vinger. Kirken som Jesu legeme som fremdeles er på jorden og som alle som *tror* er en mystisk del av. Dens lære om de gode gjerningene som Luther legger så liten vekt på. Ja tenk hvor godt det vilde være om vi med regelmessige mellemrum kunde få lettet våre hjerter for en prest. – Det er en *skam* hva Luther har gjort med Kirken, han tok det skjønne, detrike og det gode vekk, og lot det bli igjen bare det som kunne tjene statenes og kongenes interesser. Derfor er det blitt så mange sektar og retninger som hver for seg flyr og leter og leter etter noe som ble borte. Moderkirken fordømmer ikke protestantene, den har stor anerkjennelse av Hans Nielsen Hauge, f.eks. og den norske indremisjon.

Poeten gjenføding

Eg finn ikkje noko konkret om katolsk påverknad frå tida i fangenskap og ser det som mest sannsynleg at dér, som det var meir enn nok tid til refleksjon, dukkar den unge stud.theol. Jacobsen opp att, og samtala han hadde med Finn Thorn, den seinare pateren, og dei mange diskusjonane omkring katolisisme i litterære og teologiske miljø – ikkje minst etter Unidssets konvertering. Det er nok tid til tanke, til refleksjon over eksistensielle spørsmål, og til anger og bøn.

Diktaren Rolf Jacobsen har vore taus i elleve år no, etter *Vrimmel* i 1935 – om ein ser bort frå nokre avisdikt. I tida som NS-avissjet gav han heller ikkje ut diktsamling, noko han sjølv sagt hadde alle kanalar opne til å gjera – om han då hadde noko å gjie ut. Det er som om han har nullstilt poeten i seg i denne betente perioden i livet.

Det ser ut til at poeten dukkar opp att samstundes som han får kontakt igjen med den unge stud.theol. Jacobsen djupt der inne i seg. For no sender han ikkje berre brev, men også dikt som han bed Petra ta vare på.

Rolf Fransiscus

Seinhaustes 1947 kan Rolf gå ut frå Sandbakken med tre års prøvetid. Ein landssvikdømd fekk ikkje så lett arbeid, det



FOTO: GYLDENDAL

av Assisi hadde òg ei fortid frå ukristeleg liv og tapt krig, dessutan – og eg tenkjer meg at dét var viktig for Rolf i valet av namn og vernehelgen – hadde han jo ein heilt spesiell kontakt med natur og dyr.

Som vi ser, er det ei line frå gymnasistens kristen-apologetiske skriven over til teologistudenten og konvertitten. Men mogninga skjedde nok mest merkbart i dei tunge fengselsåra.

Trusmessig forankring og diktsamling

1951 er eit stort år for Rolf Jacobsen. Då finn han fram til den faste trusmessige tilhaldsstaden han held seg resten av livet. Og – endeleg, etter seksten år – ei ny diktsamling, den Harald Grieg i Gyldendal trudde skulle koma i 1936. No kan han senda eit nytt manuskript, og får det straks antatt. Vi tenkjer vel: Sjølvsagt. Men det var slett ikkje sjølvsagt den gongen, det var meir eit unntak på den tida ettersom forlaga ikkje ville gje ut bøker av tidlegare NS-folk før dei eventuelt vart tekne til nåde att av forfattarforeninga. Rolf som vart ekskludert i 1945, vart ikkje teken inn att i foreninga før i 1953.

Med Rolf Jacobsens turbulente liv gjennom totalitære ideologiar til venstre og høgre, skulle ein tru det finst nedslag av desse i diktsamlingane hans. Det er svært lite, om noko. Og då helst det eg nemnde om sosialistisk påverknad i *Vrimmel*. Å finna spor av nazisme eller fascism i diktinga hans, er ugorleg dersom ein ikkje tyr til kopplinga mellom vitalisme og fascism. Men problemet vert at dei ekspresjonistiske førkrigsdikta ikkje inneheld ei slik vitalistisk menneskedyrkning, det er heller slik at mennesket er fråverande i teknikken og naturen der.

Kristus-allegoriar og bøner

Fjerntog heiter den nye diktsamlinga. Her er naturen framtredande, ofte forløysinga av naturen. Våren bodar nytt liv, noko som det ikkje er urimeleg å sjå i samanheng med diktares eigen religiøse forløysing i og med lyset fra den paulinske Damaskus-vandringa og den katolske kyrkja. Det moderne, og teknikken, er meir neddempa her.

Vi finn Kristus-liknande allegoriar som i «Mitt tre», med ord som *krone* og *knelande* og med den evig-grøne eineren som ein assosierer med evig liv. Og vi finn dikt i bøneform til ein allmektig Skapar og fleire dikt med religiøse undertonar. Siste dikt i andre avdeling er «Morgenbønn» med ordet *Matutin* i parentes, matutin er den første tidebøn i den katolske kyrkja, eigentleg *laudes matutinæ*. Det er ei rørsle i diktsamlinga frå spelemannen som kjem inn, så til det jordvende og nære – så mot kosmos, og så: mot Gud.

Livet går seg sakte til: Familien kan samlast, rett nok på andre sida av Mjøsa, men likevel – dei er saman no. Han er framleis ein underbetalt seljar av bøker, serviettar og toiletpapir hos Gravdahl, men han skriv. Etter *Fjerntog* skriv han dikt som er blitt ståande sentralt i forfattarskapen: «Bussene lengter hjem», «Landskap med gravemaskiner» og «Tømmer».

Hemmelig liv og Laudate

I 1954 kjem diktsamlinga *Hemmelig liv*.

Mange reknar den som den beste diktsamlinga hans. Her er den moderne røyndomen komen inn att, naturen er framleis eit viktig motiv – men det er ikkje alltid ein harmonisk natur.

Samlinga avsluttast med eit dikt som står i veldig spenn mellom sivilisasjonspessimisme og – nærmast i trass – ei von som han igjen hentar i den katolske messa.

Diktet inneholder tre strofer som alle endar med dei latinske orda *Laudate pueri Dominum, laudate nomen Domini*. I fyrste strofe får vi ei trusvedkjennung: «Jeg tror på de mørke kirkene, / de som ennu står som tjærebål i skogene / og bærer duft med sig som de dyprode rosene / fra tider som kanskje eide mer kjærlighet.» Andre strofe held fram med stavkyrkjebiletet, det heiter at «Noen skar drømmer inn og ga dem vinger å vandre med / ut gjennem tider og fjell». Denne strofa ender med at den gamle kyrkja er som skip med utkikkstønnene vende mot det fjerne «da dagene mørknet / mot verdens ende / årelangt fra Andalusia». I siste strofe sigler vi med Columbus og der det er «Angst overalt, selv

Columbus er redd nu». Og før messeteksten kjem heilt til slutt, heiter det at «alle dager er onde, det er ingen redning mer, men vi / seiler, seiler, seiler». Og så altså *Laudate pueri Dominum, laudate nomen Domini* som er vesperord henta frå Davids salme 113 om å lovsyngja Herrens namn: Vår einaste von står til Herren. At det er ein katolikk som seier dette, går fram både av at det er vesperord og at han siterer den latinske – ikkje den norske – omsetjinga av opphavleg hebraisk tekst. Dette er lenge før 2. Vatikankonsilet, latinen er framleis ein markør i forhold til dei lutherske kyrkjene.

Stier med lavmælt lys

Rolf Jacobsen skal framleis slita, og meir og meir frustrert, som butikkspeditør då han straks to år etter fylgjer opp med samlinga *Sommeren i gresset*. Det er likevel ein meir forsona poet vi møter, med den jacobsenske humor som sidan vert endå tydelegare og særeigen. Det er her vi les det diktet som meir enn noko anna samlar Rolfs religiøse diktning. «Guds hjerte» heiter det:

Guds hjerte vet vi ikke,
men vi vet
noe som overstrømmer oss
som et regn over hendene.

Hans øyne ser vi ikke,
men vi ser
usynlig lys over alle ting
som i sommernatten.

Hans stemme hører vi ikke,
men vi finner
veier overalt og spor i hjertene
og stier med lavmælt lys.

Og så kjem 60-talet med dei gode tider for Rolf og hans familie. No er han endeleg der han lengta etter å vera: i avis, som journalist og seinare nattredaktør i Hamar Stiftstidende – og dei kan flytta saman inn i Skappels gate 2.

Der forlet eg det biografiske og freistar atter svara på spørsmålet om Rolf Jacobsen og katolismen. «Guds hjerte», diktet eg

blir skogsarbeid på den upraktiske Rolf medan Petras symaskin knitrar og går. Dei å mykje kråke for å halda svolten unna. Men familien er samla att på Kongsvinger, og med tida får Rolf arbeid som ekspeditør i Gravdahls bokhandel på Hamar – men det medførde at han ikkje fekk sjå familien dagleg.

I bokhandelen møtte han òg Sigrid Undset som ofte kom innom der. Ho tilhørde St. Torfinns menighet på Hamar og deltok i messene der. Rolf, som jo alt i fangenskapet skrev som om han var katolikk, byrja gå i søndagsmesse i St. Torfinn. Han vert kjend med soknepresten, Gerhard Parthe – og han er det som tek Rolf inn i kyrja den 2. mars 1951 etter vel eit års opplæring. Rolf tek då namnet Fransiscus etter Frans av Assisi. Så vidt eg veit, brukte han aldri det namnet offentleg i motsetnad til ein annan kjend konvertitt blant nordiske forfattarar, Halldór Laxness, som i årevis brukte sitt katolske namn Kiljan som mellomnamn – også på bøkene sine. Frans

sitere, er slett ikkje konfesjonelt bunde. Det er ein Gud i dette universet som vi ikkje kan sjå, berre hans utstråling og avtrykk i skaparverket. Det er eit konfesjonslaust kristent dikt, som heller ikkje har grenser mot t.d. jødedom eller islam.

Som vi har sett frå tidlegare døme, legg han stundom inn markørar i dikta, gjerne sitat frå katolsk liturgi. Men er det noko *meir*, noko *vesentleg*, som skil denne poesien frå t.d. lutherske poetars diktning?

Katolsk forståing

Ein av dei som har gått grundig inn i dette spesielle temaet, er danske Kirsten Marian Krog i magistergradsavhandlinga *Katolsk modernisme. En analyse af modernistiske træk hos katolske forfattere i Norden*, Københavns Universitet 2000. Erling Aadlands doktoravhandling om Rolf Jacobsens poetiske tenking går òg inn på temaet.

Krog analyserer særleg *Brev til lyset* og *Stillheten etterpå*. Det er to dikt i *Stillheten etterpå* som knyter seg til krossfestingsstematisken, og ho freistar påvisa korleis diktet «Knust ansikt» gjev det ho kallar «en typisk katolsk forståelse af sammenhængen mellom menneskets og Jesu lidelse» medan Aadland les inn i diktet ein metafor for ei forneda verd. Diktet «Knust ansikt» er slik:

Himlen flådd av hete og solens piler
bryter øyneplene ned og fluene
som ingen har forlatt og time etter time
stillheten hjelpest fugleskrik

ansiktet solen og det knuste
de måtte knuse flådd av hete og eddik-
svamp tykk av blod og langsomt
tennene og stillhet — — —

Rubinrød sol blir til hvit
flamme etsende og av blod
tykk og fugleskrik
som en tåke og fluene
time etter time og ingen — — —

I samlinga *Pusteeøvelse* er lidingssoga sentral og endå meir eksplisitt i diktet «— – det var i dag»:

Dette forstår vi ikke. At det var i dag
han døde. At det var i dag
de spikret hendene til treet.

At det var i dag
han stivnet inn i døden. At de løsnet
naglene
og bar ham inn i graven.

Lett som en fugl og kald som sne.
At det er i dag
han ikke er.

Det samtidige ved langfredagsskildringane meiner Krog går inn i kjerna av den katolske forståinga av krossfestinga, og vidare inn i eukaristi-forståinga av at vi vert tildeilt *Corpus Christi*, den oppstandne Kristi verkelege lekam. Inndragninga i Kristi liding og den materielle nærværforståing som finst i Rolf Jacobsens dikt, kan ein nok hevda er karakteristisk katolsk tru og teologi.

Element frå katolsk messe

Krossfestingsstemaet er eitt blant fleire katolske spor i dikta. Eit anna er – som før nemnt – element frå den katolske messa. Til dømes hentar diktet «Angelus» frå *Pass for dørene – dørene lukkes* tittel frå den bøn som vert bede tre gonger dagleg i den katolske kyrkja mellom treeiningssøndag og skjærtorsdag og omfattar inkarnasjonsmysteriet, dvs. engelens bodskap til jomfru Maria og hennar ja til å føda Jesus Kristus. I Rolfs dikt finn vi eit fabelaktig bilet som eg må få sitera: «Det gamle / du ser deroppe statisk og fosforskimrende / er kanskje verdens sperma, Guds sed, som flommer / og jorden den du står på er cellen / den ene den benådede / med fosterhinnen og med fødselsskriket. / – Se han har sett sin tjenerinnes ringhet, / Fra nå skal alle slekterprise meg salig.»

Ein kan truleg òg hevda at Rolfs måte å behandla eit av sine grunnleggande motiv på,

nemleg teknikken, og hans etter kvart meir og meir tydeleg uttala kritikk mot bruken av vitskapen til endå meir teknifisering, dehumanisering og framandgjering, aldri er ein kritikk mot vitskapen som slik. Han peiker på at det veldige univers så vel som dei minste fenomen alltid peiker mot noko endå større – og det eigentlege. Han kritiserer aldri vitskapen, men vår tru på vitskapens makt, på at vi er verdens herrar.

Tru søker kunnskap

Katolisismen har tradisjon for *fides quaerens intellectum*, at tru søker kunnskap. Som Hanne Lillebo skriv, var Rolf Jacobsen av den oppfatning at vitskapen ein gong ville nå trua og sameinast med den. Kirsten Marian Krog, som eg tidlegare har sitert frå, hevder at «i katolicismen ligger nemlig indbygget en enhed mellom poesi og religion, viden og tro – og natur og overnatur, mens der i protestantismen, her i følge Heinrich Roos, er 'en kluft, en afground mellom denne verden og Gud. [...] Der findes (i protestantismen) ingen punkter i den menneskelige natur, som Guds nåde kan knytte sig til. Al tale om harmoni mellem natur og overnatur er blasphem.' Nok sættes tingene her lidt på spidsen, men grundtanken afspejler på en præcis måde en grundforskelse mellom katolicismen og protestantismen. Derfor kan Jacobsen da også midt i sin civilisationskritik benytte sig af moderne motiver og en modernistisk stilistik og struktur, ligesom han kan prise naturen og selve det at være til – og i alt dette, som i

sig selv ikke synes at være egentlig katolsk, i virkeligheten være særdeles katolsk».

Katolsk var Rolf Jacobsen, eller: *vart Rolf Jacobsen*. Men spørsmålet om det er katolsk poesi, er vanskelegare å svara på: *Diktet* kan neppe ha nokon tru eller konfesjon. Så min svært varsame konklusjon vert at den rikdommen vi har i Rolf Jacobsens poesi, er skapt av ein mann som var klårt og praktiserande katolsk. Men diktet er fritt etter at det er skapt, og som i all stor diktning er det mange plan og mange måtar å nærma seg diktet på.

KJELDER

Under arbeidet med foredraget som no vert prenta, har eg nytta ei rad skriftlege kjelder. Blant dei er Hanne Lillebos *Ord må en omvei. En biografi om Rolf Jacobsen* (Aschehoug 1998) den viktigaste. Eg har òg brukt flittig Kirsten Marian Krogs magistergradsavhandling *Katolsk modernisme. En analyse af modernistiske træk hos katolske forfattere i Norden* (Københavns Universitet 2000). Sitata frå Rolf Jacobsens diktsamlingar er henta frå førsteutgåvane. Eg byggjer dessutan på mine eigne samtaler med Petra og Rolf Jacobsen.

Artikkelen er en lett revidert versjon av Rolf Jacobsen-forelesningen 2017, holdt i Hamar Teater 9. mars under åpningen av Nordisk poesifestival | Rolf Jacobsen-dagene.

KNUT ØDEGÅRD er født i Molde 1945. Han debuterte i 1967 med diktsamlingen *Drøymarene, vandraren og kjelda* og har siden gitt ut en rekke diktsamlinger og gjendiktninger av utenlandske, særlig islandsk, lyrikk. I 2016 fullførte han sitt firebreds verk med gjendiktninger av og kommentarer til eddadiktene. Han har også skrevet barne- og ungdomsbøker, dramatikk og fagbøker om Island, og er aktiv som litteraturkritiker. Diktene hans er oversatt til 37 språk, og med det er han den nålevende norske lyriker som er oversatt til flest språk. Han har mottatt et stort antall norske og utenlandske priser for sitt forfatterskap. Ødegård pendler mellom Norge og Island, der han tidligere var direktør for Nordens Hus. Han var initiativtaker og i ti år president for Bjørnson-festivalen, liksom initiativtaker i tolv år president for Bjørnstjerne Bjørnson-Akademiet. Han tok også initiativet til den nordiske poesifestivalen på Hamar, og var kunstnerisk leder den første tiden. I 2015 ble han medlem av Det Norske Akademi. Han er kommandør av den pavelige Ridderordenen av den Hellige Grav i Jerusalem, kommandør med stjerne av Den islandske Falkeordenen og ridder av Den Kongelige Norske Fortjenstorden. Statsstipendiat fra 1989.

Nachtoffen


For første gang foreligger et større utvalg av Rolf Jacobsens dikt på tysk. I mars ble *Nachtoffen* lansert på den store bokmessen i Leipzig. Oversetteren er Klaus Anders, og boka er utgitt av forlaget Edition Rugerup som holder til i Berlin.

Jacobsens dikt ble presentert i Tyskland så tidlig som i 1960, da Hans Magnus Enzensberger ga ut sin berømte *Museum der modernen Poesie*. Som eneste norske lyriker var Rolf Jacobsen funnet verdig en plass i den store antologien som telte 96 navn (de nordiske landene var representert med i alt seks). Det er en begivenhet at Rolf Jacobsens dikt nå foreligger i en tysk separatutgave.

Klaus Anders husker ikke første gang han leste et dikt av Rolf Jacobsen. Men da han sammen med Andreas Struve arbeidet med *So schmeckt ein Stern*, en antologi med norsk lyrikk i det 20. århundre, oppdaget han Jacobsen på nytt og ble fascinert. Etter å ha avsluttet arbeidet med Olav H. Hauge, ga Anders seg i kast med Rolf Jacobsens forfatterskap. Han syntes det var synd det ikke fantes en eneste samling av diktene hans på tysk.

Underveis i arbeidet kom han over det fine utvalget Olav Grinde hadde oversatt til amerikansk-engelsk, *Night Open*. Derfra kom ideen til tittelen, men diktutvalget ble et litt annet enn Grindes. Nå håper Klaus Anders at *Nachtoffen* vil finne mange leser.

Nachtoffen kan bestilles fra Edition Rugerup: www.edition-rugerup.de



Sammen med et par av Klaus Anders' oversettelser gjengir vi her også diktene i original.

ZEICHENSPRACHE *Bilder im Sand*

So viele Sprachen. Glaubst du,
was der Tod sagt? Glaubst du dem Wind,
der von Haus zu Haus eilt

und von allen alles wissen will?
Alles spricht, aber nicht alles
kommt an. Lippen bewegen sich, Finger
zeichnen Bilder in den Sand.
Sprich zu uns. Ein Wort.
Nur ein kleines. Nur so lang,
daß es soeben ein Wort ist.

Einer muß die Codes entschlüsseln,
die Bilder, Klopfsignale, Rufe
und Echos von Rufen, doch eil dich. Viele
sind schon tot. Das meiste
ist Staub. Ist vorbei.

ÜBER DAS WACHSEN NACH UNTEN

Je größer die Städte werden,
desto kleiner die Menschen.
Je höher die Häuser in die Wolken ragen,
desto kleiner werden die, die darin wohnen
müssen.
In New York kommst du nur auf 10 cm.
In London und Singapur vielleicht einen
Fuß hoch.
Und die Städte wachsen und wachsen,
und dein Leben ist weniger und weniger
wert.
Bald sind wir nicht größer als Grasbüschel
und können mit dem Rasenmäher
geschnitten werden
an einem Sonntag in der Früh.
Oder was glaubst du?

KLAUS ANDERS (f. 1952), poet og gjendikter, bosatt i Neuwied am Rhein i Tyskland. Han er utdannet gartner og har arbeidet med hageanlegg, han har også vært verktøymaker og hatt andre yrker. Hans første diktbok, *Mittag vorüber*, utkom i 2003, og siden har det kommet fire diktsamlinger, den siste *Wachtelzeit* i 2014. Møtet med Olav H. Hauges diktning gjorde at han begynte å lære seg norsk og oversette dikt til tysk. Klaus Anders har oversatt Olav H. Hauges samlede dikt (2012) og et utvalg fra dagbøkene hans (2015), *Øyvind Rimbereids Herbarium* (2011) samt et utvalg dikt i antologien *So schmeckt ein Stern. Norwegische Lyrik des 20. Jahrhunderts* (s.m. Andreas Struve, 2011).

TEGNNSPROG. BILLEDER I SAND

Mange slags sprog. Tror
du hva døden sier. Tror du på vinden
som løper fra hus til hus

og vil vite alt om alle.
Alt taler men ikke alt
når frem. Beveger lepper fingre
tegner bildeleder i sanden.
Tal oss. Et ord.
Bare lite. Bare
det er et ord.

Noen må kunne kodene
bildeleder bankesignaler rop
og ekko av rop men skynd deg. Mange
er døde alt. Det meste
er støv. Er over.

OM Å VOKSE NEDOVER

Jo større byene blir
jo mindre blir menneskene.
Jo høyere husene stikker mot skyene
jo lavere blir de som må bo der.
I New York er du bare 10 cm.
I London og Singapore kanskje en engelsk
fot.
Og byene vokser og vokser
og livet ditt blir mindre og mindre verd.
Snart er vi høye som gressstuster bare,
og kan tas med en plenklipper
tidlig en søndag formiddag.
Eller hva tror du?

Rolf Jacobsen minutt for minutt

Nå vet vi hvor lang tid det tar å framføre Rolf Jacobsens samlede dikt fra perm til perm:
500 minutter.

Et av de mest originale innslagene under årets poesifestival var opplesningen av Rolf Jacobsens samlede dikt, 12 diktsamlinger + løse dikt. Og vi må kunne si at en litt vill idé ble en stor suksess. Over 100 tilhørere var innom festivalkontoret i Strandgata 51 i løpet av de 500 minuttene det tok fra Anne Lillevold Jacobsen begynte å lese «Løse dikt» kl. 9.00 til Trond Tendø Jacobsen avsluttet med «Ildfluene» fra *Nattåpent* rundt kl. 17.20.

Anne serverte kaffe og kaker til de som tok en pause fra vårsola og lørdagshanden for å lytte til poesi. Noen ble sittende lenge, andre lyttet en stund, gikk seg en tur og kom tilbake. Alle ga uttrykk for at det var en stemmingsfull og spesiell opplevelse, og ville gjerne at det ble gjentatt en annen gang.

Rolf Jacobsen debuterte med *Jord og jern* i 1933 og avsluttet forfatterskapet mer enn 50 år senere. Dette var omrent aldersspennet på oppleserne. De to yngste var elever fra dramalinja ved Stange videregående skole, og ellers var det en god blanding av kvinner og menn, noen ferske og andre med lang erfaring som opplesere. Flest tilhørere hadde kanskje fylkesmann Sigbjørn Johnsen, så kjendisfaktoren hadde sin virkning også her. Han satte for øvrig stor pris på å bli spurtt, og syntes det var en fin opplevelse.

Her er en oversikt over oppleserne og samlingene de leste:




FOTO: TORE STENERSEN

Sigbjørn Johnsen.

Anne Lillevold Jacobsen: *Løse dikt*
Anders Kippersund: *Jord og jern*
Jonas Kippersund: *Vrimmel*
Gunnar Brox Haugen: *Fjern tog*
Gunvor Sjølie: *Hemmelig liv*
Dyveke Dufseth: *Sommeren i gresset*
Ingjerd Engh: *Brev til lyset*
Steinar Laberg: *Stillheten efterpå* ---
Mari Nøren Stenersen: *Headlines*



FOTO: TORE STENERSEN

Mari Nøren Stenersen.

Anders Kippersund: *Pass for dørene – dørene lukkes*
Sigbjørn Johnsen: *Pusteovelse*
Tore Stenersen: *Tenk på noe annet*
Trond Tendø Jacobsen: *Nattåpent*

Festivalkontoret i Strandgata 51 egnet seg ypperlig til formålet, og med god dugnadssinnsats var det rigget til stoler,



FOTO: TORE STENERSEN

Anders Kippersund.

dekoret med forsider fra samtlige av Rolf Jacobsens diktsamlinger og sørget for gode kaker til kaffen. Så vil tiden vise om «Rolf Jacobsen minutt for minutt» kommer som ønskereprise.

Vellykket bursdagsfeiring

Rolf Jacobsen-dagene ble innledet med trippel bursdagsfeiring i festsalen i Hamar Teater med om lag 100 Jacobsen-vener til stede.

Gunnar Brox Haugen ønsket velkommen til feiringen av Rolf Jacobsens 110-årsdag, og minnet samtidig om at venneforeningen fyller 20 år i år, og at Rolf Jacobsen-dagene er 10 år. Spesielt hyggelig var det å ønske velkommen til Jacobsens to sønner med ektefeller og til venneforeningens æresmedlem, Hanne Lystad.

Ordfører Einar Busterud var første taler, og han undret seg over hvilket forhold Rolf

Jacobsen hadde til Hamar. Hvilke spor finner vi i diktene om dette? Ganske fort dukket jernbanediktene opp, men ellers skriver Jacobsen mer om det han så fra Hamar, enn om selve byen. Hamar blir dermed viktigere enn mange tror, mente Busterud som ønsket lykke til med feiringen og poesifestivalen.

Kveldens hovedtaler var ingen ringere enn Jan Erik Vold. På sin særpregete, kåserende måte kom han inn på ulike sider ved Jacobsens liv og diktning. Han fremhevet hvor belest og orientert Jacobsen var, og mente dette var noe av grunnen til at han er en så betydelig dikter internasjonalt. Vold hadde også noen artige glimt fra sine mange møter med Jacobsen.

Konferansier Tore Stenersen kunne så ønske velkommen til et gledelig gjensyn og gjenhør med Wenche Medbøe og Amund Maarud. De framførte utdrag fra forestillingen *Kjente jeg deg?*. Den hadde stor suksess både lokalt i 2014 og på Nationaltheatret året etter, og gjorde et sterkt inntrykk også nå. Og som Geir Vestad skrev i Hamar Arbeiderblad:

«Dette er en forestilling som kan gjentas – ofte.»

Fortjente blomster til aktørene rundet av en verdig og flott feiring av bursdagen – en fin forrett til selve poesifestivalen.



Tore Stenersen og Jan Erik Vold.

FOTO: GEIR VESTAD

Bakgårdsfest med Nils A. Røhne

Årets bakgårdsfest går av stabelen hos Tante Gerda lørdag 19. august kl. 14.00.

Når Rolf Jacobsens Venner i august inviterer til den tradisjonsrike bakgårdsfesten hos Tante Gerda, har vi utfordret Stanges ordfører, Nils A. Røhne, til å fortelle om sitt forhold til poesi generelt og Rolf Jacobsen spesielt. Vi vet at Hans Børli er en lyriker som Røhne er veldig glad i, noe vi regner med å få høre mer om. Det blir allsang ledet av den lokale

trubaduren Olaf Rosset, som i likhet med Røhne har med seg gitaren. Disse to har også opptrådt sammen tidligere, så langt tilbake som på 1960-tallet. Vi håper riktig mange finner veien til bakgårdsfesten.

Vel møtt!
Gratis inngang – hatten går.



NILS A. RØHNE er ordfører i Stange kommune for Arbeiderpartiet, og midt inne i sin tredje periode. Han ble utdannet lærer i 1973, tok senere hovedfag i historie og har i en årekke hatt sitt virke i skolen, sist som lektor ved Stange videregående skole. I alle år har han vært interessert i politikk. Han har hatt flere sentrale verv for Arbeiderpartiet, og midt på 1990-tallet var han politisk rådgiver/statsekretær. Fra 1998 til 2005 var han utenlandssjef i Norsk Folkehjelp.

SALG AV BØKER OG PLAKAT



Rolf Jacobsen: En liten kvast med tusenfryd og fire rare løk. Ukjente dikt og tekster 1925–1993
Gyldendal 1996 (red. Hanne Lillebo)

Inneholder dikt, gjendiktninger, komposisjoner, sang- og slagertekster, artikler, noveller og andre prosatekster.

**Hanne Lillebo (red.): Stier med lavmælt lys.
Om Rolf Jacobsens diktning**
Gyldendal 2007

Essays og artikler av Steinar Opstad, Torben Brostrøm, Marit Grøtta, Nils-Øivind Haagensen, Hanne Lillebo, Christer Eriksson, Kirsten Marian Krog, Knut Ødegård, Roger Greenwald, Henning Howlid Wærp, Staffan Söderblom, Jan Erik Vold, Erling Aadland og Eldrid Lunden.

Ordinær pris kr 150,- pr. bok
Medlemspris kr 100,- pr. bok



Plakat illustrert av Anne-Lise Knoff


Høsten 1994 ble konserten *Rolf Jacobsen i ord og toner* holdt i Vang kirke med Lise Fjeldstad, Sinikka Langeland, Tom W. Rustad og Sven Nyhus med Hedmark Spellmanslag. Arrangører var Hans Kolstad, Hanne Lystad, Geir Løvold og Jørgen Østvang.

Anne-Lise Knoff laget et bilde spesielt for plakaten til denne konserten, inspirert av «den himmelske harpe», et motiv Jacobsen har benyttet i flere dikt, bl.a. «Regn» fra debutsamlingen *Jord og jern*. Plakaten kan ses i farger i venneforeningens nettbutikk: rolf-jacobsen.no/nettbutikk.html

Plakaten måler 34 x 60 cm og selges uten ramme.

Ordinær pris kr 150,-
Medlemspris kr 100,-

Ved forsendelse kommer porto i tillegg. Bestilling sendes: post@rolf-jacobsen.no
Inntektene går i sin helhet til venneforeningen.




Rolf Jacobsen: Samlede dikt
Gyldendal 1999, 3. opplag 2012
(red. Hanne Lillebo)

Rolf Jacobsens tolvtol diktsamlinger er her samlet i én bok, komplettert i forhold til boken han selv ga ut, *Alle mine dikt* (1990). *Samlede dikt* inneholder også en avdeling dikt som Jacobsen publiserte i avisar, tidsskrift og antologier – fra før debuten og til hans siste leveår. Boken inneholder dessuten kommentarer og diktvarianter samt tittel- og førstelinjeregister.

Ordinær pris kr 400,-
Medlemspris kr 250,-

Fra Rolf til Petra.
Lapp funnet i notisblokk
i Skappels gate 2.



**Vil du støtte
Rolf Jacobsens
Venner
med din
Grasrotandel?**

Grasrotandelen er en ordning fra Norsk Tipping, hvor du som registrert spiller kan velge ett lag eller én forening som du ønsker å støtte – din grasrotmottaker. Vi oppfordrer deg til å støtte Rolf Jacobsens Venner!



**ROLF
JACOBSENS
VENNER**

rolf-jacobsen.no